

Randi fekk målprisen

-Det er ei æra å få gje deg målprisen. Du har gjort meir enn dei fleste når det gjeld å nytta nynorsken i praktisk arbeid. Det sa leiaren i Odda Mållag, Knut O. Dahle, mellom anna då ha sundag delte ut Odda Mållag sin Målpris for 1994 til Randi Bårtvedt.

HF OVE NIKOLAISEN

I grunngevinga for tildelinga peika Dahle mellom anna på at målforma til Industristadmuséet som Randi er dagleg leiar for, langt frå var sjølvsgatt under oppbygginga av muséet. - Nynorsk har blitt administrasjonsmålet, og det har ikkje skapt strid eller løyst ut kritikk. Æra for at nynorsken er gjort til ein naturleg del av muséet har Randi Bårtvedt, sa Dahle.

-Randi har i arbeidet sitt konsekvent nytta nynorsk. Ho er eit føredøme for andre i og utafør lokalsamfunnet, og ho har vore ein viktig brubyggar mellom industrikulturen og bygdekulturen. Ho har vore med og vist veg, og spegla av kor naturleg nynorsken er vorten i Odda i dag, sa mållags-leiaren vidare.

Har vore heldig

-Nynorsk har alltid vore ein viktig del av livet mitt. Eg har vore heldig og fått nytta

nynorsk, og eg har ikkje måtta kjempa for å få lov til det. Eg skriv det som alltid har vore naturleg for meg, og det er nynorsk, sa ein glad prisvinnar då ho tok i mot prisen under ei tilstelning på Meieriet sundag kveld.

-Det er viktig at born tidleg vert trygge på nynorsken. Difor er det synd at nynorske lærebøker kjem seinare ut, og at historiebøker og leksikon ikkje vert gjevne ut på nynorsk av økonomiske årsakar, la ho til, før ho avslutta takketalen med eit hint til den lokale handelsnæringa. -Eg har eit lokalt ynskje. Det er at fleire i Odda Handelsstandsforeining blir flinkare til å nytta nynorsk, sa ho, og oppmoda handelsnæringa til å nytta meir nynorsk. -Det ville blitt lagt merke til som noko positivt. Dei bør merka seg kven som er kundane. Kanskje kjem den neste prisvinnaren kjem frå handelstanden, avslutta ho.



PRISVINNAR. Randi Bårtvedt fekk Odda Mållag sin Målpris for 1994. Prisen vart delt ut av leiaren av laget, Knut O. Dahle, på eit møte på Meieriet sundag. Målprisen var eit trykk av Odda-kunstnaren Ragnar Grønsdal.

(FOTO: OVE NIKOLAISEN)